

## Kontrollutvalet

### SAK 17/15 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

#### Saksopplysningar/saksutgreiing:

Kommunestyret har i plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 sett opp desse prosjekta:

- Forvaltning, drift og vedlikehald av Fast eigedom
- Grunnskule – tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Økonomistyring, leiing og styring (rekneskap, budsjett/budsjettoppfølging og rapportering)
- Personal- og lønspolitikk
- Pleie og omsorgsområdet og bu- og rehabiliteringsavdelinga. (Re-habilitering, institusjonsplassar og heimetenesta. Overtidsbruk, heile stillingar i høve til deltidsstillingar (stillingprosentar)
- Samhandlingsreforma

Prosjektet Forvaltning drift og vedlikehald av bygg vart behandla i kontrollutvalet og kommunestyret i februar 2014. Prosjektet Spesialundervisning i grunnskulen var behandla i kontrollutvalet og kommunestyret våren 2015.

Spørsmålet er no kva prosjekt ein skal starte opp med.

Eit prosjekt som har vore oppe som aktuelt er barnevern. I samband med kontrollutvalet si behandling av tilsynsrapport frå Fylkesmannen på kommunen sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim gjorde kontrollutvalet slik vedtak (pkt. 2):

«Kontrollutvalet registrerar at fylkesmannen sin tilsynsrapport kun gir svar på eit avgrensa område i barnevernstenesta (spørsmål kring fosterheim). Utvalet vil difor vurdere barnevernet som eit prosjekt i neste valperiode, og vil vurdere det i samband med utarbeiding av overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.»

Dette kunne ha vore eit aktuelt prosjekt å ta allereie no, men ut frå debatten i siste kommunestyremøte kan det sjå ut til at det er svært liten interesse for eit slikt prosjekt på barnevern no.

Saka vert å drøfte i møtet for å finne det beste prosjektet.

#### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utføre eit prosjekt innan .....
2. Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide prosjektplanber revisjonen utarbeide prosjektplan.

Jostein Støylen  
Dagleg leiar